

Kyrkjeklokka

Nr. 4 - 2015

Kyrkjeblad for Hornindal, Innvik og Stryn prestegjeld

79. årgang



Advent

Ordet har vi henta frå det latinske *adventus Domini* som betyr *Herrens komme*, og er ei av dei viktigaste kristne høgtidene. I både den lutherske og den romersk-katolske kyrkje markerer adventstida ventetida fram til jul, og omfattar dei fire siste vekene før 25. desember. I den ortodokse kyrkja varer advent i seks veker, men i den reformerte kyrkja i Nederland og i den anglikanske kyrkja blir ikkje advent markert i det heile teke. Første søndag i advent er den søndagen som kjem nærmast 30. november, og kan såleis vere mellom 27. november og 3. desember. Denne søndagen er og byrjinga på kyrkjeåret hos oss.

Vi veit ikkje sikkert når vi begynte å markere advent, men på 400-tallet etablerte biskop Perpetuus av Tours (461–490) ei tre dagar lang faste i tida mellom 11. november (Mortensmesse) og jula. Først i 567 vert adventstida nemnt i skriftlige kjelder frå Tours. Sidan 600-talet har vi hatt liturgiske bøker med tekstar til adventsgudstenester. Den gongen var advent slutten på kyrkjeåret, og kunne vare lenger enn fire søndagar. På 1000-talet vart det bestemt at advent skulle vere starten på kyrkjeåret, og fastsett til fire søndagar. I den romersk-katolske kyrkja blir adventstida markert med bot og faste. Omkring år 480 vedtok kyrkjelege leiarar at det skulle fastast

kvar måndag, onsdag og fredag i adventstida for å sikre åndeleg førebuing til å feire Jesu fødsel. Desse fastereglane vert framleis haldne i hevd den katolske kyrkja, men ble ikkje i protestantiske område etter reformasjonen i 1536. Likevel var det mange tradisjonar med romersk-katolsk opphav som overlevde til langt fram på slutten av 1800-talet, og eit magert kosthald i vekene før jul var såleis vanleg i det gamle, norske bondesamfunnet.

I nokre deler av Norge var St:Clements dag den 23. november, kjent som «Klemment Klyp i Fu», og frå den dagen og fram til jul skulle borna få reduserte matporsjonar. Årsaka skulle vere at då ville dei setje større pris på den feite julekosten. Noko av denne tradisjon lever faktisk vidare i norsk julematskikk; fisk var tradisjonelt fastemat, og det er høgsesong for lutefisk på norske restaurantar i adventstida.

Adventsdekorasjonar utvikla seg i 18- og 1900-åra med ulike symbol som vi markerer adventstida med. Dei vanlegaste er adventsstjerna som vi plar henge i vinduet, kalenderen der vi opnar ei ny datoluke dagleg, samt adventskransen. I den firearma lysestaken tenner vi det første lyset den første søndagen i advent osv. slik at alle lysa er tente den fjerde søndagen. Det er og vanlig å framføre ein song eller eit dikt i samband med lystenninga.

I dekorasjonane brukar vi «botsfargen» fiolett som er den liturgiske fargen for advent. Bruken av adventskransar oppsto i Tyskland i 1830-åra etter ein idé av Indremisjonens grunnleggjar Johann Hinrich Wichern. Eviggrøne vekstar og lys var dei gamle julesymbola, og meininga var at dei skulle forme ein ring. Tidlegare vart det brukt raude band på kransane, for det er livets farge, men no er det vanligaste å bruke lilla farga band.

Adventssøndagane gjev gjerne den første forsmaken på jula, for då kjem familien saman og tenner adventslysa, og mange stader vert gamle tradisjonar haldne i hevd, til dømes høgtlesing av juleforteljingar, bibeltektar og dikt.

Kyrkjeklokka ønskjer alle lesarane sine ei god og signerik adventstid.



«Saman om skatten» festhelg!

Gjennom arbeidet med Trusopplæringsplanen kom idéen om ei festhelg for barn og unge. Det er mange kyrkjer i Indre Nordfjord, og det er ikkje så ofte vi treffast på tvers av soknegrensene. Difor hadde vi lyst å lage ei storhelg denne helga. Året rundt samlast born,

ungdom og vaksne til gudsteneste, barne og ungdomsarbeid og trusopplæringsksamlingar.

Men det er ikkje alltid vi er like mange. Vi hadde vi lyst å samle alle for å feire oss sjølv litt, og for å gje noko tilbake til dei som kvart år brukar mykje

tid og ressursar på å lage gode tilbod for born og unge her i Indre Nordfjord. 12.–13. september var det storfest med familiesamling i kulturhuset, konfirmant kick-off og festgudsteneste i Olden kyrkje.

Festgudsteneste i Olden kyrkje

Søndag var det festgudsteneste i Olden kyrkje. Det var tid for å be og å takke. Takke Gud for det han gjev, og alle dei frivillige leiarane for det dei gjev!

Gudstenesta var felles for alle kyrkje-lydane, og det var fint å vere så mange frå kyrkjestaben saman om å lage gudsteneste.

Spesielt kjekt er det å møtast på tvers av kyrkje- og soknegrenser om det vi har saman, nemleg trua på og engasjementet for at born og ungdom skal bli kjende med Jesus. Dette vil vi gjere fleire gongar.



Beate Nes

Jentegruppa fra Olden var med under festgudstenesta.

Familiefest med show med RockeRuben



Laurdag ettermiddag var ca 150 små og store med på fest i kulturhuset. Beate Nes og Mari Saltkjel, som har leia arbeidet med å få Trusopplæringsplanen i mål, leia festen. Festen starta med å vise ulike bilde frå trusopplæringsprogrammet for å vise litt av alt det som skjer i løpet av eit år.

Deretter song og dansa nokre av dei som går på babysong for oss, det

store trekkplasteret var showet med RockeRuben. RockeRuben er tidenes energibombe! Han driv med alt som er Bråkete, Farleg og Gøy...

Med fengande musikk, kule triks, trommesoloar, farlege stunt og ei generell leiken innstilling til livet, tok han oss med STORM!

Etter showet var det kaker og basar.

Konfirmant Kick-off

Laurdagskvelden var det konfirmant kick-off i Betania. Der var det aktivitetstløype, mat, sosialt samvere og andakt. Ruben Gazki, som kallar seg Svindlar Med Stil, hadde eit show med ein variert miks av tankekontroll, lommetjuveri, humor, historier og masse spennande innsikt om korleis hjernen vår fungerer.



Babysong fekk vi også vere med på.

Årets konfirmantar i Loen

Sarah Hogrenning Johansen
Martine Rake
Fredrik Tendeland
Kristian Nesje
Sol Sande Sollid
Julie Sande Sollid
Eirik Sæten
Richard Loen
Saulene Juskeviciute
Karile Paulaiyte

Konfirmantjubiläum i Olden

Søndag 6. september hadde soknerådet i Olden invitert tidlegare konfirmanter til jubileumsfeiring.

Både 50-, 60- og 70-årsjubilarar var med på gudstenesta i Olden kyrkje der også årets nye konfirmanter vart presenterte. Deretter var det samling i Singerheimen med god middag og kaffi.

Fleire langvegsfarande hadde teke turen, og det var mange hjartelege gjensyn. Gamle minne vart oppfriska, og historier vart delte.

Dei vakre rammene som Singerheimen gjev, var og med på å gjere dagen til ei minnerik oppleving.



70-års-jubilantar: Edith (Eide) Aure, Agnete (Muri) Bergset, Ola Auflem, Inge Kvame, Jostein Kvame
60-års-jubilantar: Brita (Melheim) Høgalmen, Ingeborg (Yri) Rustøen, Olaug (Løken) Alme, Eli (Frøholm) Lillest, Audun Skarstein.
50-års-jubilantar: Brita (Vanberg) Kvamme, Aslaug Eide, Gunnvor Eide, Margreta Melheim, Roald Muri, Bjarne Gjerde, Obin Aabrekk, Einar Åbrekk.

Konfirmantjubiläum i Utvik

Det var konfirmantjubiläum i Utvik kyrkje søndag 27. sept.

Framme f.v.: Magne Sølberg, Oddny Torheim, Wilhelm Hage, Bergljot Sølberg, Bjørg Bergset Winsnes og Leiv Myklebust.

2. rekkje: Ivar Lyslo, Sigrunn Berge Raae, Jofrid Flølo, Siv Øiestad Rygg, Olaug Heggdal Berstad, Sigfrid Kjosnes Guttormsen, Annbjørg Bruland Ripe, Brit Marit Frøholm Flølo.

3. rekkje: Arne Gjerde, Gunnhild Kårstad, Margit Skåden, Anna Valaker Tennes og Arne Sølberg.

4. rekkje: Per Ove Reme, Einar Frøholm, Kjell Fjellkårstad, Rasmus Ivar Gald og Jon Rosenlid.



Foto: Geir-Ståle Vatnamo



Kyrkjeklokka

Bladet blir sendt til alle husstandar i Stryn og Hornindal kommunar.

Web: www.kyrkjeklokka.no

Redaktør for dette nummeret er:
Olav R. Faleide
post@kyrkjeklokka.no

Forretningsfører/abonnement/adresseendring:
John Selmer Skiftesvik,
6788 Olden, tlf. 990 28 076
john.skiftesvik@eninvest.net

Bankgiro 0538 18 51054
Bankgiro 3795 30 05108
Kontingenten er frivillig.
Vi takkar for betaling og støtte.

Kontortider, telefon, epost

Måndag er sokneprestane sin fridag.

INNVIK prestekontor

Tlf. 57 87 41 23
Mobil 911 84 241
Sokneprest Harald Runde
Kontortid:

Tysdag, torsdag og fredag kl. 10-12
Privat 57 87 41 15
runde.harald@gmail.com

STRYN prestekontor

Tlf. 57 87 48 12
Mobil 948 32 875
Sokneprest Knut Gjengedal
knut.gjengedal@stryn.kommune.no
Vikarprest Henny Koppen,
Mobil 916 01 630
henny.koppen@stryn.kommune.no

HORNINDAL prestekontor

Tlf. 57 87 98 33
Mobil 908 83 948
Sokneprest Mari Saltkjel
sokneprest@hornindal.kommune.no

Kyrkjevevjerje

Stryn kommune

Børre Lian
Tlf. 57 87 48 11
Mobil 913 27 882
borre.lian@stryn.kommune.no

Hornindal kommune

Anne Lødemel Honningsvåg
Tlf. 57 87 98 34
Mobil 970 84 120
Måndag og torsdag 9-13
anne.honningsvag@hornindal.kommune.no

Børre Lian ny kyrkjevevjerje

Børre Lian er den nyttilsette kyrkjevevjerja i Stryn. 46-åringen frå Jessheim har vikariert i stillinga i eit års tid allereie, så han er godt kjend med arbeidsoppgåvene. Børre Lian er utdanna bedriftsøkonom ved Handelshøyskolen BI og ved Norges miljø- og biovitenskapelige universitet (NMBU).

Som bedriftsrådgjevar i finans og forsikring har han svært relevant erfaring som kjem kyrkjevevjerjestillinga til gode, ettersom økonomiforvaltning er ein vesentleg del av arbeidet. Kyrkjevevjerja er også sekretær for Stryn Kyrkjelege Fellesråd der alle kyrkjesokna er representerte, og han arbeider såleis tett i lag med sokneråda i prestegjelda.

– Og korleis fatta du spesiell interesse for kyrkja?

– Etter 15 år i finans og forsikring var tida inne for ei forandring, fortel Lian, og frå mi tid som seniorrådgjevar i KNIF hadde eg oppfølgingsansvar for Bjørgvin og Møre bispedømme. Eg reiste då ein del rundt i området, og hadde møter med kyrkjevevjerjene. Eg opplevde igjen den kjensla eg fekk frå mi studietid i Førde.

I det første studieåret sitt på NMBU budde han på Mo jordbruksskule i Førde.

– Vi studentar hadde mange turar i området, blant anna til Stryn, held Børre Lian fram, og eg opplevde då Stryn som ein spanande plass. Flott natur, fjord og fjell. Rikeleg mogelegheit



Børre Lian.

for aktiv fritid. Kvifor ikkje flytte til Stryn? Ein av mine beste studiekamera-ter er i frå Stryn. To av mine kollegar på kommunehuset her i Stryn er na-boar til hans foreldre. Verda er ikkje stor, seier han og legg til at han har familie på Sunnmøre.

Hans primære fritidsinteresser er kunst og kultur, og når skal ha fysiske aktivitetar er det kajakk, båt, fjellturar og reiser til utlandet han føretrekkjer. For tida går helst turane til Spania og Kina fordi han har familie der.

O.R.F.

Fra Kyrkjedagen på Nordfjord- eid den 17. oktober

*Redaksjonelt etter referat
fra Solveig Wangberg
Nesdal, Loen Sokneråd.*

Stiftsdirektør Jan Ove Fjellveit

informerte om at vi den 1. januar 2017 skal forlate statskirkesystemet og bli en Folkekirke slik det står i Grunnlovens § 2 etter kongelig resolusjon 9. mai 2014:

*Verdigrunnlaget forblir
vår kristne og humanis-*



Stiftsdirektør Jan Ove Fjellveit.

*tiske arv. Denne Grunnlov
skal sikre demokratiet,
rettsstaten og menneske-
rettighetene.*

Dette vil innebære en juridisk virksomhetsoverdragelse, og det er mange saker som skal ut på høring for å få gjennomført en demokratisk og juridisk korrekt prosess. Det legges opp til at ressursene fordeles slik som i dag. Prosten, soknerådet og fellesrådet skal i samråd med hve- randre ha ansvaret for denne ressursforvaltnin-

Framhald side 7

Tankar langs vegen – frå Redaksjonen



Det er snart jul, folkens

Vi går inn i adventsmånaden og skal førebu den høgtida som er sterkast prega av tradisjonar og ritual i vår kultur. Vi skal samlast i heimane våre, vi som var samla i jula i fjor. Vel, kanskje ikkje alle, for borna har jo svigerforeldre som dei skal vere hos annakvar jul - og omvendt, så litt må vi få lov å spreie oss. Men dei fleste av oss som var i lag rundt det same bordet i fjor og året før og kvar julaftan så langt tilbake som vi kan hugse, skal sessast rundt julefestbordet. Og kva står på menyen? Tradisjonsmat som pinnekjøtt og svineribbe med kålrotstappe, erstesting, kokte gulrøter og poteter og sju – for det var det i fjor og året før og så langt tilbake som vi kan hugse. Vi skal sikkert sitje på dei same plassane rundt bordet og nyte det same i glasa som vi har gjort kvar jul òg. Hos nokre av oss begynner festmåltidet med lesing av Juleevangeliet og vi syng "Deilig er Jorden". Og så sit vi saman i høgtidsstemt lag og snakkar om dei same emna og same sakene som vi gjorde i fjor og året før og så vidare baketter. Og om vi ikkje gjer det, så er det fordi borna våre har brukt så mange år på å bli både eldre og vaksne at vi ikkje har merka at samtaleemna har endra seg litt i åras løp, og derfor opplever vi det som kjent, trygt og rotfast. Etterpå er det rituell gang rundt juletreet med songar som alle har kunna sidan dei gjekk i barneskulen, og vi i dei eldre generasjonane gler oss over dei yngste sine forventningar når innpakkingspapiret fyk veggimellom til stadfestande tilrop som "Å, slikt har eg alltid ønska meg!", og begeistringa er ekte og hjarteleg uttrykt. Som ho alltid har vore.

Og dette gjer vi kvart einaste år med så stor glede og slikt djupt engasjement at det skal sterke krefter til for å få oss til å vere med på noko som helst slags "alternativ julefeiring". Det er slik vi vil ha det, for det er slik vi alltid har hatt det. Vi tek gjerne del i forandring og framgang som gagnar både oss sjølve, lokal-samfunnet og menneskeætta, men tradisjonane våre skal vi ha i fred – og i alle fall dei i jula. For dei fleste av oss er julehøgtida sjeleleg batterilading fordi alt er så føreseieleg. Det er rett og slett noko rituelt over det. Juledagsfrukosten

like eins; like sikkert som at dette er den einaste gongen i året at Far kjøper ansjosfilet med "haud og innmat" i staden for gaffelbitar eller fjellsild, er det at husets 6-åring ikkje vil ha Besten sin nyreinska på skiva. Han har sin tradisjon med skinke og eggerøre, og han krev respekt for sin festfrukost nett som Far og Besten. Det gjorde også faren og bestefaren då dei var 6 år gamle, men det har dei gløymt alt om nett no – rundt frukostbordet Juledag. Lutfisk er



**... ingen av oss
er usårbare for uretten
i verda.**

også eit ritual som alle born må innviast i, men inntil så er gjort kan dei kose seg med tilbehøret – erstesting og bacon er vel noko alle likar.

I løpet av 2015 har vi blitt stadig meir klare over kor privilegerte vi er; store delar av Midtausten er i ferd med å bryte saman under terror og krig. Verdas mektigaste nasjon, USA, har trappa opp sitt militære engasjement i Asia. Russland viser musklar på ein ubehageleg måte som minner oss som Den Kalde Krigen. Med vald og våpen har Fanatismen ei skrekkens utbreiing mot grensa til Europa i søraust og sender livredd og fortvila menneske heilt til Stryn og Hornindal i den største flyktningstraumen verda har sett sidan 2. verdskrigen. I ei verd av overflod lever ein tredjedel av befolkninga på mindre enn 15 kroner dagen, og til og med i land vi naturleg kan samanlikne oss med er arbeidsløysa det største samfunnsproblemet. Som menneske er vi ubehageleg sårbare, men det har altfor ofte vore oversett og gløymt. Det er ein samanheng i det vi ser. For ingen av oss er usårbare for uretten i verda.

Og vi skal feire jul i år og – trygt, godt og med våre eigne, familiære ritual. Vi skal feire Jesu fødsel, mysteriet om at Han som skapte det uendelege universet også har komme nær oss i våre liv. I år

feirar kristne i heile verda Jesu fødsel med eit nytt medvit om kor sårbare vi er. Juleevangeliet er for oss eit mysterium, like kontrastfylt som første gongen det vart forkynt. Det er ein lovnad om fred på jorda, og det er i dagens situasjon minst like oppsiktsvekkjande som då nokre enkle gjetarar utan all verdas utdanning og vidsyn fekk høyre det første gongen. Men ser vi spor av denne freden i verda vår no?

Jula er på sett og vis ei feiring av Guds tolmod. Fred på jord kjem ikkje av seg sjølv. Fred bryt fram der menneske drivne av nestekjærleik skapar forsoning og fridom. Juleevangeliets lovnad om fred på jorda er ein bodskap til alle menneske av god vilje. Det er ein bodskap av globale dimensjonar i ei tid der globalisering heng saman med kapital og teknologi, men også med fattigdom og mangel på både kunnskap, forståing og respekt for menneske. Det som var oppsiktsvekkjande den gongen, er like radikalt i dag. Gud møter oss i dei som er sårbare og avhengige av andre sin kjærleik, slik Leo Tolstoj fortel oss i historia om "Den Gamle Skomakaren" Adjevitj og H. C. Andersen gjer i "Piken med Svovelstikkene". Jesus Kristus har gjeve Gud eit ansikt i denne verda og Han har gjeve oss ein ny måte å møte andre sine ansikt på. Det er i det svake vi finn vi styrke, sårbare som vi er. Gud sjølv er ein sårbar Gud. Han er ikkje redd for å vise seg som svak - i eit barn under fattige kår, i eit barn i eit okkupert land, i eit barn på flukt.

Vi skal høgtide jula med tradisjonane saman med våre kjære i våre eigne, trygge heimar, og vi skal gjere det med varme og glede, med ribbe, lutfisk og ansjos med "haud og innmat". Med ønske om fred i hjarta, i heimane, med banken, i grannelaget og i verda. Juleevangeliet kan gje oss styrke til å leve med at sjølv om vi er sårbare, kan vi også bringe håp til andre! Som borgarar i eit velståande, kristent land er vi kalla til å gje den globaliserte verda eit menneskeleg ansikt - eit ansikt der vi gjenkjenner ansiktstrekka Hans - kjærleik og solidaritet, nåde og fridom, tryggleik og tradisjonar, fellesskap og glede.



Jon Selmer
Skiftesvik

Min salme

Definisjonen på advent er komme. Vi venter på Jesus. Liturgisk farge er lilla som i fastetida. Men advent har også en dobbel klang. Han som føddes inn i menneskeslekta som et lite barn, døde og sto opp og for opp til himmelen og skal komme igjen!

Forfatteren av salmen, Eivind Skeie, spør på sin blogg: Hvor befinner himmelen seg i kosmos? Hva gikk Jesus inn i da han tok med seg sin jordiske kropp ut av det jordiske kretsløp?

Det kan vi ikke forklare, men vi tror at Gud er utenfor det skapte, utenfor materien, utenfor kosmos. Gud er ikke gjemt bak en stjerne. Gud er verken i materien som vi er bygget opp av eller i den mørke materien som utgjør størstedelen av universet.

Gud er utenfor alt. Da Jesus, som det står, for opp til himmelen, dro han utenfor alt, eller innenfor alt. Men Guds trone er reist et annet sted, og derfra venter vi Jesus tilbake på dommens dag!

Framhald fra side 5

gen. Endringene blir både store og omfattende, og en ny kirkeordning kan derfor være på plass tidligst i 2020. Det råder en del usikkerhet både på de økonomiske og de teologiske områdene, og kirka møter utfordringer i form av avtakende medlemstall med bakgrunn i både utmeldinger og at færre døpes.

Han påpekte også at fra og med neste år vil prestene gå inn i en ny rolle i og med at de får regulert arbeidstid. Prestene må derfor sette opp sine egne arbeidsplaner med oversikt over kommende aktiviteter i tilknytning til kirkene, slik at kommunene blir informert om behovene.

Jeg tror på jordens forvandling

*Jeg tror på jordens forvandling
en gang, en tid et sted,
en fremtid hvor Guds himmel
til jorden senkes ned,
en evighet av glede
da alt det vakre her
blir løftet i Guds klarhet
og stråler bedre der.*

*Jeg flykter ikke fra verden.
Den jord som engang falt,
er båret av de hender
som skal fornye alt.
Jeg vet at Jesus lever!
Jeg tror at Herren Krist,
når alt håp er ute,
skal stige fram til sist.*

*Jeg tror på jordens forvandling.
En tid, et sted, en gang
skal alle ting bli nye
og alt bli fylt med sang!
Ja, jorden skal fornyes,
og gode ting skal skje!
Bak døden venter Jesus.
Den som vil tro, skal se!*

*Jeg flykter ikke fra verden.
Blant jordens minste små,
der finner jeg den fremtid
som jeg vil vente på.
Ja, jorden skal forvandles,
dens natt går alt mot gry!
Jeg tror at Jesus Kristus
skal gjøre verden ny!*

Norsk salmebok, nr. 899 – Tekst: Eivind Skeie 1998. Melodi: Sigvald Tveit 1998

Vi må få tak i gledesmotivet i dommens dag, og ikke bare se oss blinde på det som handler om fortapelse og død.

Når Jesus kommer tilbake, er det befrielsens klokker som slår.

Det er den gamle, slitte jorden som skal forvandles og fornyes.

Vi skjønner ikke hvordan det skal skje.

Men noe i hele kosmos, noe i tilværelsens grunnkrefter og grunnforhold ble annerledes da Jesu kropp steg ut av graven – og da han senere, som vi bekjenner – for opp til himmelen.

Parhestene Sigval Tveit og Eivind Skeie var i mange år flittige leverandører av musikk og tekst for alt fra barne-TV til kirkerom. Stikkord: Portveien 2, Sesam Stasjon, Visst skal våren komme, Det gode landet, Tenn lys, Jeg tror på jordens forvandling, Morgendagens Søsken, Dørene låses, mm.

Sigvald Tveit har blitt rammet av Alzheimer, men når jordens forvandling finner sted, er det slutt på lidelse og død!

Eg utfordrer Olina Sunde.

I dagens situasjon har de bare en frididsplan.

For å dekke utgiftene til kirkens ansatte, slik som prest, organist, kirketjener osv., må gudstjenestene jevnlig besøkes av minst 70 personer. Det kreves derfor en gjennomgang av hvordan kirkens ansatte blir brukt, og om vi f.eks. vil kunne kreve at presten har møteplikt på soknerådsmøter o.l. Han informerte videre om at den økonomiske situasjonen vil føre til at kommunene må synliggjøre hvor mange som bruker kirkene. Fellesrådet må ta stilling til hvilke kirker vi skal ta vare på og hvilke som kan tas ut av drift, samt avgjøre hvor bryllup, begravelser og

øvrig møtevirksomhet bør forgå. Dette kan også tvinge fram en nødvendig sentralisering av det kirkelige tilbudet i prestegjeldene.

Biskop Halvor Nordhaug

påpekte soknerådenes rolle som strategiske organ for drift av kirken, både m.h.t. barne- og ungdomsarbeid, kirke-musikk, diakoni og gudstjenestenes form. Menighetsrådene har mulighet for å la menigheten selv komme til orde i form av f.eks. spørreskjema der de kan presisere sine meninger for hva de ønsker og forventer av sin lokale kirke. Vi må også stille spørsmål ved om vi råder

Framhald side 15

Dei nye sokneråda

Etter valet den 14. september har nokre av dei nye sokneråda hatt sine første møte og fordelt dei ulike verva seg imellom. Dei som ikkje har hatt møte i det bladet vert trykt, kjem med neste gong. Vi har gleda av å presentere dei for lesarane her:



Randabygd sokneråd

Reidar Magne Sørland, leiar og representant i fellesrådet, Jan Ove Hopland, nestleiar og vara til fellesrådet, Gunnlaug Halvorsrud Brendehaug, kasserar, Lene Olsen, sekretær.
Vararepresentantar: Edvin Rand, Martha Karin Rauset, Trond Erlend Aaland, Eldrid T. Aaland, Per Rune Tytingvåg.



Nordsida sokneråd

Rune Berglid, Bente Østreim Ulvedal, Ragnhild Roset, Oddvar Bergset, Odd Magne Nygård, Randi Oddveig Jøingsli.
Vararepresentantar: Astrid Reidun Berglid Bakken, Rune Rebni Pedersen, Gunnhild Bergset, Anne Stubdal, Isak Gald.



Oppstryn sokneråd

Kolbein Kaspersen, leiar, Anne Marie Rudning, nestleiar, Siv Guddal Flo, sekretær, Sonja Esperø Skaare, kasserar, Birger Skåre, medlem i fellesrådet, Kari Berge, medlem i trusopplæringsutvalet, Henny Koppen, fung. sokneprest.
Vararepresentantar: Kari Ann Kirkeeide, Mariann Nedre-Flo, Edvard Aarnes, Beate Ø. Glomnes, Astrid Sandvik.

Nedstryn sokneråd

Kristin Storevik, Thea Bjørkedal, Monica Osvold, Svein Frithjof Rønne, Rolf Knutsen, Lars Raae, Monika Hammer, Lars Ytreeide Tjensvold.
Vararepresentantar: Marte Holien Bø, Bjarte Eimhjellen, Line Erika Bø Håheim, Grete Sunde Langeset, Ingeborg Åsebø.



Loen sokneråd

Framme f.v.: Inga Bødal, representant i Trusopplæringsutvalet, Gunnar A. Nystøyl, kasserar, Henny Koppen, fungerande sokneprest.
Bakre rekkja f.v.: Jorun Brattaker Loen, Solveig Wangberg Nesdal, representant i Fellesrådet, Marita Fonn, vararepresentant som møter fast, Sissel Tenden, leiar, Marte Sande, nestleiar.
Vararepresentantar: Lars Solheim, Jan Ove Hogrenning, Roar Herrevold, Karin Auflem-Tjugen.



Olden sokneråd

Første rekkje frå venstre: Kjellaug Sunde Molnes, Møyfrid Sømme Kvamme (leiar), Oddrun Grodås (nestleiar), Brynhild Melheim. Andre rekkje frå venstre: Pål Skarstein, André Opheim, Kenneth Lie, Arild Aabrekk. Sokneprest Harald Runde og Terje Sundsøy (1. vara) var ikkje til stades.

Vararepresentantar: Terje Sundsøy, Kjetil Finsås Hansen, Andreas Sunde, Reidun B. Høgalmen, Berit Helene Krogh.

Hornindal sokneråd

Elsa Aslaug Ommedal, Christine J. B. Helgesen Haugen, Reidar Jarle Støverstein, Tor Marius Sollid, Marte Kristi Utvær, Laila Irene Støve Otterdal, Sigmund Lødemel, Anett Mari Bugjerde.

Vararepresentantar: Liv Johanne Langeland Muldsvor, Janne-Elin Gausemel, Anita Saltkjel, Arvid Raftevoll, Liv Kari Holmøy.



Innvik sokneråd

F.v.: Lars Arne Hilde, kasserar, Anna Marie S. Vatnamo, leiar, Siv Hege Reme, vararepr. til Fellesrådet, Sølvi Nygård Haugen, Trusopplæringsutvalet, Kristin V. Drageset, nestleiar, Jorunn Tenden, repr. til fellesrådet, Harald Runde, sokneprest.

Vararepresentantar: Britt J. Lyslo Bøe, Lars Gardshaug, Liv Britt Myrvang, Henning Skogstad, Torill Olauk Bennæs.

Utvik sokneråd

Eva C. Kårstad, Kari-Anne T. Haveland, Svein Hauge, Roar Verlo, Turid M. Lee Frantzen, Arnt Inge Verlo.

Vararepresentantar: Lindy Paulen, Jon Flatjord, Margunn M. Berge, Olav Rune Myklebust, Anders Hage.

Prestane får meir ordna arbeidstid

Prestane i Den norske kyrkja har fram til no ikkje hatt ordna arbeidstid, heller ikkje i form av eit definert tal arbeidstimar. Derfor opplever mange prestar at arbeidstida er ganske grenselaus i dag, fordi det er uklart når ho begynner og når ho sluttar.

Truleg jobbar mange prestar mykje meir enn dei eigentleg skal, og derfor inneber den nye avtalen at prestane si arbeidstid heretter skal målast i timar. Dei prestane som arbeider minst kvar tredje helg, vil få 35,5 timers arbeidsveke. Arbeidet skal som hovudregel fordelast på fem dagar i veka.

Eigenarten i prestetenesta vil likevel bli bevart i og med at 20 prosent av arbeidstida vil vere ubunden. Dette er tid der presten sjølv avgjør når han/ho jobbar, og kva for presteoppgåver tida skal brukast til. Sjølv sagt skal presten jobbe på søndagar og i høgtidene, for det høyrer med til prestelivet å jobbe når mange andre har fri. Martin Enstad er leiar for presteforeininga, og han seier han er

glad for at denne avtalen gjer det sjølv sagt å kompensere for at presten jobbar på ugunstige tidspunkt. Presteforeininga sa opp fridagsavtalen som har regulert prestane si arbeids- og fritid frå 1. januar 2015.

Etter forhandlingar mellom Kulturdepartementet og tenestemannsorganisasjonane Presteforeininga og

Fagforbundet TeoLOgene, er det no inngått ein særavtale om innføring av arbeidstid for prestar. Avtalen gjeld frå 1. januar 2016.

Særavtale om innføring av arbeidstid for prestar. Avtalen gjeld frå 1. januar 2016.

Redaksjonen

FAKTA: Prestar i Den norske kyrkja

I 2014 var det 1.276 prestar i Den norske kyrkja (Dnk). Om lag 90 prosent av dei er organiserte gjennom Den norske kyrkja si presteforeining, dei fleste av dei resterande gjennom Fagforbundet TeoLOgene.

Biskopane og bispedømme har det formelle arbeidsgjevaransvaret for prestane. Lønns- og arbeidsvilkår blir fastsette i forhandlingar med staten. Etatsstatistikken for Den norske kyrkja i 2013 viste at prestane i fleire bispedømme mista i gjennomsnitt ei veka i avspaseringsdagar i året.

Institutt for kyrkje-, religions- og livs-

synsforsking og Diakonhjemmets evaluering av prostereforma frå 2013 slår fast at prestar i Dnk truleg jobbar gjennomsnittlig 42 timer i veka.

Fridagsavtalen som sa at prestar hadde rett på to fridagar i veka, men som ikkje regulerte talet på arbeidstimar, vart sagt opp av Presteforeininga 1. januar 2015.

Kjelder:

Den norske kirkes presteforening og Store norske leksikon

Hausttakkegudsteneste i Utvik med utdeling av bøker

Til høgre:

Utvik Barnekor song ein gladsong der heile kroppen fekk vere med. Bak frå venstre: Signe Kårstad, Andrea Bruland, Linnea Hilde, Rikke Sørland, Brita Kårstad. Framme f. v.: Aron Hauge Nesdal, Ariel Njøs Williams, Ida Svenfeldt Tisthamar, Roger Magnus Kårstad.

Under:

Frå v.: Alva Johanne Heggdal Verlo, Elias Svenfeldt Tisthamar, Mathea Carlsen, Katrine Bruland, sokneprest Harald Runde, Ruben Sørland, Kristin Valaker, Elvira Hauge Nesdal (i armane til mor Ellen Hauge).



Kvart år arrangerer sokneråda hausttakkegudsteneste der borna går inn i prosesjon med korgar stappfulle av markens grøde. Desse korgene vert til pynt på alterringen og er eit synleg prov på kva som er dyrka dette året; ei takk til Skaparen av livet og grøda.

I denne gudstenesta fekk vi oppleve at 2-åringane fekk CD, 4-åringane fekk bøker og dei som går i 5. klasse fekk biblar. Ein flott tradisjon.

Alojzy Wolczek blir pensjonist

Ein dyktig og trufast medspelar på piano gjennom mange år, Alojzy Wolczek, fekk avskjedsgåve av dirigent Edith Kårstad. Det var ikkje lett for Edith å måtte takke Wolczek for siste gong etter svært godt samarbeid i mange år.

Ho las opp eit velskreve takkekort og gav han ein flott engel. Edith understreka at her i dette livet så opplever ein rett som det er englevakt.

Wolczek får takk og gåve frå Utvik



Stille i sorg

Stillheit er tosidig. Den rommar både glede og sorg. Nokre gonger vert stillheita tom, tung og vond. Livet er ikkje berre “dans på roser”. Ein eller fleire gonger i livet møter vi motgang og sorg.

Eg var på vitjing på sjukeheimen. Eg møtte ei kvinne på gangen. No var ho på vitjing kvar dag. Vi samtalte utanfor døra. Inne på rommet sat mannen. Så sa ho: “Det er siste kapittel.”

Eg fekk kome inn, og vi hadde ei samtale alle tre på rommet. Noko seinare sa ein slektning til meg om far sin. “Vi miste far litt etter litt.”

Nokre får eit langt siste kapittel. For andre er det så kort som denne setninga: Det er slutt.

Ein som opplevde at ektemaken gjekk bort i ei trafikkulukke, sa det slik i si fortvilning: “Eg er matt. Eg greier ikkje noko. Eg greier ikkje ein gong å be.”

Stemma du var vand til å høyra, har stilna.
Den du laga mat til, er borte.
Den du åt i lag med, er borte.
Den tome plassen står der igjen.
Felles løft og arbeid kan ikkje utførast.

Stillheita er i einsemda. Den trykkjer. I denne stillheita er det vanskeleg å samle tankane.

Haldis Reigstad skriv det slik: “Det er tungt å bere si eiga einsemd ut av huset når døra er låst, og nøkkelen står på ut-sida.”

Kva kan vi gjere? spør eg.

Jau, vi kan låse opp og gå inn. Der kan vi samtale, lytte og trøyste. Der kan vi lage mat, eller ha noko med. Så kan vi ete i lag. Maten smaker alltid best når ein er fleire ved bordet. Vi kan gå ut på tur. Det kan også vere bilturar. Kanskje kan vi vitje ein annan heim. Det gjeld å bryte stilla, så den ikkje får all makt. Å aktivisere seg heime eller ute er terapi. “Oppmuntring er ein nøkkel som passar til alle låsar”, lyder eit

kinesisk ordtak.

Det er også viktig å ha pusteval, å ta ei ekstra kvild.

Vi kjenner ordet i Matt 11.28. “Kom til meg, alle de som slit og har tungt å bere, eg vil gje dykk kvile.” Etter pusterommet kan ein ha mot til å gå vidare. Bilde, gode minne og felles opplevingar kan hentast fram. Ein kan glede seg over dei og takke.

Eg tek med to vers frå diktet “Fall til ro” som Rita Aasen har skrivne.

*Om du ikkje finner ord,
om du ikkje ser veien,
fall til ro.
Eg er din Gud.*


*Når angsten kommer,
og du ingen hjelp ser,
fall til ro.
Eg er ditt tilfluktssted.*



gi fa ÅRETS JULEGAVE!

Kjøp unik glasskunst med julemotiv laget for Det Norske Misjonsselskap av kunstneren Astri Vadla Ravnås! Serien har fem motiv, alle 10 cm i diameter: Krybben (2011), englene (2012), hyrdene (2013), de vise menn (2014 - ÅRETS MOTIV) og et misjonsmotiv (2015).

Hver gang du ser på et av motivene, vet du at du har bidratt til verdig liv og varig håp for et medmenneske!



Når du kjøper et motiv til kr 1000, går kr 750 direkte til NMS sitt verdensvide arbeid.

PRIS: Hvert motiv koster kr 1000,-
TILBUD: Kjøp de fire første motivene samlet for kr 3500,-
BESTILLES hos NMS: info@nms.no eller 51 51 61 00

nms.no/julegave

Harald Runde – trufast sokneprest i 25 år!

Harald kom til Innvik Prestegjeld i 1990. Han hadde då vore res.kap. i Narvik i 6 år. Denne stillinga innebar også ansvar som sjukehusprest ved Narvik sjukehus. Og før det var han feltprest ved Garnisonen Sør-Varanger i Kirkenes.

Harald kjem opphavleg frå Fosnavåg i Harøy kommune, og tykte m.a. han kom nærare foreldra sine då han kom til Stryn.

Før vi går vidare i intervjuet klarar ikkje Harald å gie heilt slepp på Narvik Sjukehus. For der oppe blei han som sjukehusprest sterkt involvert i den tragiske ulukka i Vassdalen i Troms, der mange norske soldatar miste livet i eit snøras under ei Natoøving. Det tyngste var å møte dei pårørande og så prøve å vere medmenneske.

Ein prest opplever bokstaveleg tala livet frå vogge til grav. Difor er det ei stor glede å vere med på barnedåp, konfirmasjon og vigse, seier Harald.

Mange trur at presten berre arbeider ein dag i veka, nemleg søndagen. Men slik er det ikkje. I løpet av ei veke kan det vere samtale med foreldre før bar-



Sokneprest Harald Runde.

nedåpen, brudepar og konfirmanter. Ja, ein må også møte pårørande før ei grav-

ferd. Andakter på omsorgssentra er også ein del av kvardagen til soknepresten vår. Dessutan møter presten på soknerådsmøta i alle tre sokna, stabsmøte og andre tilstellingar.

Harald Runde har til vanleg ei travel arbeidsveke. 17. mai er det to gudstester same dag. Det kan og vere to gudstester på ein vanleg søndag, ei på føremiddagen, og den andre på ettermiddag i ei anna kyrkje. Om sommaren er det opp til fleire støylesser. 2. pinsedag er det kvart år naustmesse på Sølvbergsida. Der har Harald vore trufast med sidan det starta.

Ynskjer unge foreldre til kyrkja

På spørsmål om visjonar for framtida, så ynskjer Harald seg fleire unge foreldre til gudstestene, men han trur at foreldre- og familiestrukturen i dag gjer foreldre og barn trøytte og slitne etter ei lang veke. Difor vert søndagen brukt til andre ting enn å gå til kyrkje.

Vi ynskjer soknepresten lukke til med ei viktig teneste!

Tekst og foto: Geir-Ståle Vatnamo

Ein populær og dyktig organist takkar av

Pianist og organist Alojzy Wolczek kom til Norge i 1970 som yrkesmusiker. Han arbeidde på hotell i Stavanger og på Alexandra i Loen. Her i Stryn fann han si Marie Sandbakk. Dei fekk to jenter, og har no tre barnebarn.

Wolczek starta si karriere i ei deltidstilling som organist i Oppstryn kyrkje i 1978. I denne tida hadde han også andre jobbar, både på meieriet og plastindustri. I 1985 fekk han full stilling i Lom. Der var han til 1992, og kom då attende til Stryn. No fekk han tenestebrev frå Bjørgvin Bispedømme og vart tilsett i Oppstryn og Loen. Frå 2000 har han vore fast organist i Innvik prestegjeld.

Wolczek har m.a. vore pianist i Utvik Barnekor, starta Stryn Blandakor og dirigert Oppstryn Blandakor. I tillegg har han leia Olden og Vikane Skulekorps og hornmusikken i Olden (vaksne), og saman med Bjarte Sætre var han ei tid pianist i Stryn Ten Sing. Han har også undervist i musikk i ungdomsskulen saman med Lars Isehaug.

Wolczek er eigentleg utdanna pianist,



Pianist og organist Alojzy Wolczek.

men har nærast på eiga hand lært seg å traktere orgel. Dette krev svært mykje øving! Han har vore ein mykje brukt musikal i alle desse åra. Han har gjort ein framifrå jobb, og alltid vore godt førebudd.

No er pensjonsalderen komen, og det

er tid for å avslutte tenesta. Men til glede for kyrkjevevja, har han lova å vikariere ved behov. Alojzy Wolczek fortener stor takk for mangeårig innsats både i kyrkja, og i alle kor/korps han har spela for!

Tekst og foto: Geir-Ståle Vatnamo

Sommardåp i Randabygd kyrkje



Laurdag 25. juli i år vart ein festdag i Randabygd kyrkje ut om det vanlege. Fyrst hadde vi flytta gudstenesta frå sundag kl. 11 til laurdag kl. 12 på grunn av

to barnedåpar og mange tilreisande. Dessutan var det vigsel på ettermiddag.

Veret var med oss og sette ei fantastisk ramme om gudstenesta. Jon Ytre-

horn var prest. Silje Mørup Ormhaug og Håvar Tvinne- reim bar Lars til dåpen.

Britt Irene Skrede og Frank André Sølvberg hadde med seg jenta si som

fekk namnet Jakobia. Orgel- musikken var bytt ut med denne trioen: Dagfinn Låge- eide – trekkspel, Olga Pavlova – fiolin og Jon Tvinne- reim – fiolin.



Denne laurdagen vart ein festdag utanom det vanlege i Randabygd kyrkje, med to barnedåpar og ei vigsele på ettermiddagen.

Trioen (t.v.) Dagfinn Lågeide, trekkspel, Jon Tvinne- reim, fiolin og Olga Pavlova, fiolin stod for musikken under dåps- gudstenesta.

Tekst og foto:
Reidar Sørland

Skapinga

(JORDA)

I dag var det fint ver, og ein snev av vår i lufta. Og vi var spente på om Anna dukka opp. Om litt kom ho springande. Så no var vi tre som sist.

– Eg vart litt sein i dag, men takk for at de venta. Det er denne mobiltelefonen som ringer, men no slår eg han av, for eg har gleda meg til å forsette samtala vår. Vi hadde "skapt" planeten Jorda, og lagt grunnlaget for liv. Er det rett?

Ja, det kan vel seiest slik svært forenkla. Men vi har ein lang veg å gå endå før den er slik vi kjenner jorda.

– Men er det ikkje rart at det truleg er berre denne eine planeten av alle dei vitenskapen har "granska" til no, som har eigenskapar som gjer kjende former for liv mogeleg? Og så den presisjonen som råder. Vi i vår rek-nemåte avgrensar til tre desimalar når ein skal vere nokså nøyaktig. Men forskarane meiner det må vere så mange som 50 desimalar, eller meir for at universet skal fungere. I motsatt fall vil universet "krasje", orden vert kaos.



kveld, og det vart morgon, første dagen.

Var dette det "store smellet". Og er dette 1. dag? Og i så fall skulle vi teke det med i første samtale. Men dette er så stort at vi ikkje greier alt. Vi får godta at det vert litt fram og tilbake.

Er det her "urcella" kjem inn, den som er programmert for utvikling av alt liv på jorda? Eller er det ei trinnvis skaping, der ein periode er eit døgn – Bibelen sine 6 dagar? Eller er det litt av begge?

Les og Joh.1. kap. Der kjem forfattaren inn på det åndeleg og. Les meir når de kjem heim! Eg synest skapinga er godt skildra. Hugs den tid dette vart skrive visste astronomane svært lite mot dagens viten.

– Ja du har rett. Korleis ville vi ha forma det i eit lite avsnitt? Likevel er det ikkje lett å forstå. Tenk så på plantelivet. Sjå mangfaldet, trea gras et o.s.v. Like til dei

Jan: Så var det jorda då. Eg for min del meiner det tok lang tid. "Dag" kan kanskje tydest periode, Vil take med det første som står i Bibelen:

"I opphavet skapte Gud himmelen og jorda.

Jorda var aud og tom, mørker låg over djupet, og Guds ande svevde over vatnet. Då sa Gud: «Det skal bli lys!» Og det vart lys. Gud såg at lyset var godt, og Gud skilde lyset frå mørkret. Gud kalla lyset dag, og mørkret kalla han natt. Og det vart

finaste blomane. Det er som om Gud har leika seg og fryda seg då dette vart til. Likeeins dei finaste sommarfuglane. Og fuglane. Dei finn fram og tilbake igjen til sin heim, sitt vesle område hjå oss, år etter år.

Jan: Men så var det menneskja då. Av jord er du komen, står det ein stad. Tyder det at det var skapningar på jorda som Gud bygde vidare på, som han gav sjel, vilje og forstand –. Eller skapte han noke nytt - mennesket. Ja, dette er tankar som har kome til meg. Eg har tenkt på dette med lekam, sjel og ånd. Det Åndelege livet er menneska åleine om. Eit vesentleg skilje mellom dyr og menneska. Var det då Gud skapte oss til menneskje? Men dette vil eg ikkje påstå noke sikkert om, det er skjult for oss –. Men eg kan ikkje anna enn att eg trur det må vere ein skapar bak alt.

– Ja, det er eg einig i. Og trur noken at vi kan drøfte desse tinga – at denne forstanden menneska har fått har kome heilt tilfeldig? – Ja, av ingenting?

Men du då Tomas, kva meiner du?

– Eg er ein tvilar, kva som er rett veit eg ikkje. Kan liksom ikkje tru at alt kom av seg sjølv, ei utvikling av ingen, eller ingenting. Og om det er

ein Gud, den allmektige og fullkomne skapar, skulle han så bry seg om oss stakkars menneskja? Men likevel, det er ei stamme i meg som seier at slik må det vere, og at han bryr seg om oss.

Eg har ein tanke –, den er nesten skræmmande, men tek den fram likevel. Kvifor skapte Gud menneska? Du veit at sterke meiningar er ikkje for meg. Likevel er ikkje tanken frammand: Skulle Gud lage universet og la det stå tomt? Alt dette veldige, og så ikkje meir? Han kunne skapt plantar, dyr osv. Men ikkje menneska, for han måtte vite at det kom til å gå gale? Eller hadde Gud ein "plan B" alt då?

Jan: Du er inne på noke der, og vi kan ikkje forstå alt. Men vi har lov å tenkje, og han valde likevel å gje menneska liv og forstand. Det må vere noke i Guds vesen som kravde det. Og han gjorde det i "sitt bilete" står der. Og menneska fekk valet i Edens hage. Det vart og sagt at de kan ha det godt, og nyte alt det skapte. Men ikkje et av kunnskapstreet, for då går det dykk ille. Vi veit at alt då var den vonde i aksjon så fin og lokkande, men forførande: "Har Gud verkeleg sagt — Og, nei berre et". Det er denne forbanninga som har følgt menneskeætta i all tid - opprøret mot Gud, og denne tvilen på den allvise.

– Men du då, Anna?

– Du sa noke om Guds vesen. Det må vere noke som vi ikkje kan forstå i det vi er inne på no. Trur ikkje vi kan bruke menneskeleg fornuft om dette. Heller ikkje om ein vert aldri så lærd, eller vis. Og likeeins når det gjeld det vonde – Djevelen og hans hjelparar. Her trur eg vi må "melde pass" La oss halde fast på at Gud skapte. Så får det stå ope korleis det skjedde, og kvifor menneske fekk "fri vilje"? Også dette om den vonde. Vi har nok til mange samtaler om slikt som vi lettare kan fatte noke om.

Det står og i Bibelen at Gud angra på at han skapte menneskja, ikkje sant? Noa bygde ein stor båt langt inne på land. No skulle berre noken få "reine" få overleve. Og vatnet fløynd over all jorda, alle dyr og menneskje drukna, berre dei i "arka", som båten vart kalla, overlevde. Men vart det betre seinare?

De, kva er det viktigaste som har hendt sia skapinga? Kanskje vi kan tenkje på det til eit seinare møte?

Jan: De er verkeleg gode begge. Takk for denne gongen, og så møtest vi snart, med tankar om temaet du nemnde?

Kyrkjedagen på Nordfjordeid

Framhald frå side 7

over de midlene vi trenger og om vi har de pengene vi behøver. Driftsutgiftene ved kirkene finansieres av den enkelte kommune, noe som i disse nedskjæringstider i offentlig sektor selvsagt vil bli en utfordring i seg selv. Han mente at hvert sokn må derfor ta ansvar for egen økonomi og bygge opp denne over lenger tid.

Så lenge vi ønsker å prioritere f.eks. trosopplæringsreformen må de ansatte også få større stillingsprosenter slik at ikke alt ungdomsarbeid glipper etter konfirmasjonen.

Det er Kirkemøtet som styrer kirken,



Biskop Halvor Nordhaug.

og det blir etter hvert påkrevet med en høringsrunde om Kirkens forordninger, dvs. hvilke typer gudstjenester som skal holdes. En av de største utfordringene vi står overfor er at vi har mange kirker i Norge, men for få prester. Dette vil sannsynligvis føre til at menighetene i større grad vil måtte nyttiggjøre seg lekmannsgudstjenester.

Slik ordningen fungerer i dag, må en som ikke har teologisk embetseksamen ha særskilt tillatelse fra biskopen for å utføre kirkelige handlinger, noe som også berører det tidligere nevnte sentraliserings spørsmålet.

Frå undertrykking og konflikt til forsoning og tilgjeving –

Eit møte med Nelson Mandela og Desmond Tutu - Einar Lunde i Sør-Afrika

22. september hadde Hornindal Folkeakademi vitjing av Einar Lunde. Han har vore NRK-reporter i Sør-Afrika i mange år. Etter at han vart pensjonist har han vore reiseleiar for dei som ønskjer ein tur til Sør-Afrika.

Av Brynhild Lund Notøy

Einar Lunde byrja med at han ikkje skulle halde eit foredrag men ei forestilling. Aktørane var vi frammøtte. Vi måtte berre trykke på ff-knappen - knappen for fri fantasi.

Han fortalde levande om korleis sørafrikanarane hadde det under apartheidregimet. Det kvite mindretalet lærte frå dei var born at sørafrikanarane ikkje var skikkelege menneske. Dei kvite sine lover tok i vare menneskerettar m. v., men sidan sørafrikanarane ikkje var ordentlege menneske gjaldt ikkje lovene for dei. Slik kunne det kvite mindretalet utnytte sørafrikanarane på det grovaste.

Det gjorde eit sterkt inntrykk på oss då Einar Lunde fortalde korleis gruvarbeidarane hadde det. Dei jobba i gruvene ned til 4000 m under jorda utan lufting. Dei fekk lovnader om løn og pensjon og det var forlokkande. Lite visste dei om dei umenneskelege arbeidsforholda.

Sjukdom melde seg fort, og dei som heldt ut lengst kunne greie å arbeide i gruva i inntil 8 år. To gonger i året vart alle sjuke samla saman og frakta til ein dal langt borte frå annan busetnad. Når ein står og ser ned i denne dalen, ser ein 350000 blikkskur som er heimane til desse arbeidarane og familiane deira. Når dei kjem til dalen skal dei få ei gåve. Det er eit lite blikkskur som dei skal ha til WC. Blikk til å bygge seg eit lite krypinn må dei sanke sjølve.

Ein gong Einar Lunde var der, kom ei skikkeleg regnskur. Vatnet rann gjennom blikkskura og kokekar og andre eignaltur kom flytande ned mot botnen av dalen. Når regnet var over, kom innbyggjarane vassande i



Einar Lunde bad om at tilhøyrarane måtte trykke på ff-knappen – knappen for fri fantasi.

søla for å sjå om dei kunne finne att eignelutane sine.

Einar Lunde møtte Nelson Mandela fleire gonger. Mandela var utdanna jurist. Då han vart fengsla og ført til Robben Island, visste han godt kva rettar fangar hadde. Han prøvde å stå på desse rettane, men erfarte fort at då vart han eller ein annan straffa for det. Han skifta difor taktikk. Han viste forståing for fangevaktarane sine handlingar og haldningar. Så byrja han forhandle i staden. Sakte men sikkert gav det resultat.

Då Nelson Mandela vart sleppt fri og han skulle møte folket, hadde sørafrikanarane møtt opp i tusental. Dei hadde med machetar og andre slagvåpen og var klare til å ta hemn. Men Mandela bad dei om ikkje ta hemn, han sa dei skulle vise forsoning. Og han heldt ein tale som fekk tusenvis av menneske til å legge ned våpna og vise storsinn over for dei kvite som hadde undertrykt dei i fleire hundre år.

Ein kan undre seg over kvar eit menneske får kraft og tyngde til å gjennomføre ei slik handling. Eg trur svaret ligg i at Nelson Mandela var så heldig at han vaks opp i nærleiken av ein misjonsstasjon. Der lærte han å lese og skrive, og han fekk ei utdanning.

Men det viktigaste han lærte var historiene om Jesus der respekt for kvarandre, forsoning og fred sto i fokus. Det bar han med seg i heile si gjerning, og det var nok viktig for at Sør-Afrika ikkje enda i eit blodbad.

Einar Lunde greidde gjennom sitt historiske overblikk og klare detaljar å få oss til å sjå det heile føre oss i ein indre film. Ei stor takk til han for at han har gjeve av tida si til Folkeakademiet. Han gav oss ein kveld som vi ikkje kjem til å gløyme.



Desmond Tutu (t.v.) og Nelson Mandela.



Slekt skal følge slekters gang



Or kyrkjebøkene Stryn prestegjeld

Oppstryn

Døpte:

23/8 Hektor Kvenshagen Sandnes.
For. Maria Norman Kvenshagen
og Øyvind Skarstein Sandnes

Døde:

14/9 Ivar M. Guddal f. 1946
18/9 Odd Solheim f. 1945

Nedstryn

Døpte:

23/8 Madelen Muldsvor Olsbø.
For. Randi Kristin Muldsvor
og Egil Olsbø
6/9 Jacob Teige Silden.
For. Jeanette Teige og Jarl
Ove Silden
6/9 Stella Josefine Belden Ulen.
For. Signe Elisabeth Belden
og Espen Ulen
6/9 Aurora Alsaker Løken.
For. Randi Alsaker og Stein
Ove Løken
20/9 Elise Friborg Utne.
For. Gudrun Marie Friborg
og Christian Utne
4/10 Iselin Olsen.
For. Heidi Kjersheim-Olsen
og Geir Olav Olsen
4/10 Brage Fure-Lilleheim.
For. Siri Merete Fure og Mathias
Lilleheim

Døde:

23/8 Aslaug Ingrid Bergem f. 1925
23/8 Magnhild Vik f. 1929
3/9 Odd Simon Raudi f. 1936
10/10 Helene Andrea Berstad f. 1922

Loen

Døpte:

11/10 Brage Solheim.
For. Christine Hagen og Rune
Solheim

11/10 Jenny Sæten Lind-Jenssen.
For. Kristine Sæten og Kjell
Richard Lind-Jenssen
11/10 Steffen Loen.
For. Terese Kvistad Loen
og Hallstein Loen

Or kyrkjebøkene for Hornindal prestegjeld

Hornindal

Døpte:

23/8 Haakon Rørvik Lillestøl.
For. Randi Birgitte Rørvik
Lillestøl og Frode Lillestøl
23/8 Liva Sandal.
For. Maria Hagen og Hallgeir
Sandal
4/10 Milian Heggen Hovlid.
For. Rosmari Heggen og Vegard
Marvin Hovlid
4/10 Dominic Heggen Humborstad.
For. Nathalie Heggen og Jim
Tore Humborstad

Døde:

29/8 Rasmus Fannemel f. 1928
22/9 Eivind Albert Engelund f. 1936

Nordsida:

Døpte:

6/9 Sofie Roset.
For. Lene Melheim og
Aksel Roset.
Døpt i Heggjabygd kyrkje
18/10 Hanna Rand Roset.
For. Marianne Roset og
Hans-Erik Rand

Døde:

25/8 Oddny Heimlid f. 1941
1/9 Sigmund Hagen f. 1942
18/9 Marta Ingrid Røyset f. 1926

Randabygd:

Døpte:

18/10 Petter Normann Hellevang.
For. Kristin Normann Hellevang
og Rolf Magne Aaland Hellevang

Or kyrkjebøkene Innvik prestegjeld

Utvik

Døde:

21/8 Målfrid Lee Eikenes, f. 1944.
17/9 Aud Helga Bruland, f. 1943.

Innvik

Døpte:

9/8 Aline Skrede Skutle.
For.: André Helle Skutle
og Malin Skrede.

Døde:

2/9 Lars A. Hilde, f. 1926.


Olden

Døpte:

6/9 Eirik Feranec.
For.: Erik Feranec og Martina
Wildmaier.
6/9 Maxim Feranec.
For.: Erik Feranec og Martina
Wildmaier.
19/9 Amanda Nordlander Briksdal.
For.: Andreas Briksdal
og Emma Cecilia Nordlander.
(Døpt i Ljosheim kap.)
4/10 Ane Beinnes Myklebust.
For.: Stian Myklebust og Linn
Kristin Torvund Beinnes.
11/10 Martine Malm Aabrekk.
For.: Sindre Aabrekk
og Ingeborg Malm.
(Døpt i Ljosheim kap.)

Døde:

13/9 Jon Muri, f. 1929.



Søndag er kyrkjedag

Gudstenester i Indre Nordfjord

Vi gjer merksam på at det kan verte endringar, nattverd og offer er ikkje med, so følg med i avisene.

Om det ikkje er gudsteneste i di kyrkje, er du velkomen i nabokyrkja.

1. november; Helgemessesøndag Matt 5, 13-16

- Nedstryn 11:00 Gudsteneste.
Ved Henny Koppen
- Olden 11:00 Gudsteneste.
Ved Harald Runde
- Randabygd 15:00 Lysmesse.
Ved Jon Ytrehorn
- Hornindal 20:00 Lysmesse.
Ved Jon Ytrehorn

7. november; laurdag

- Loen 16:00 Katolsk messe

8. november; 24. s i treeiningstida Luk 12, 35-40

- Oppstryn 11:00 Gudsteneste.
Ved Henny Koppen
- Utvik 11:00 Gudsteneste.
Ved Harald Runde
- Nordsida 15:00 Gudsteneste.
Ved Henny Koppen

14. november; laurdag

- Loen 16:00 Katolsk messe

15. november; 25. s i treeinings- tida – Matt 14, 22-34

- Loen 11:00 Gudsteneste.
Ved Henny Koppen
- Hornindal 11:00 Gudsteneste.
Ved Mari Saltkjel
- Innvik 16:00 Gudsteneste.
Ved Mari Saltkjel
- Nedstryn 19:00 Gudsteneste.
Ved Henny Koppen

21. november; laurdag

- Nordsida 13:00 Kyrkjelydsbasar
- Kyrkjelydsstova,
Hornindal 15:00 Kyrkjelydsbasar

- Loen 16:00 Katolsk messe

22. november; Domssøndagen / Kristi kongedag – Matt 25, 1-3

- Olden, eller Loen 11:00 LysVaken-
gudsteneste. Ved Harald Runde.
Utdeling av biblar
- Randabygd 11:00 Gudsteneste i
høve Kyrkjehelg for og med funk-
sjonshemma. Ved Mari Saltkjel

28. november; laurdag

- Loen 16:00 Katolsk messe

29. november; 1. s i advent Matt 21, 10-17

- Nedstryn 11:00 LysVakent-
gudsteneste
- Utvik 11:00 Gudsteneste.
Ved Harald Runde
- Nordsida 11:00
LysVakengudsteneste.
Ved Mari Saltkjel
- Innvik 16:00 Gudsteneste.
Ved Harald Runde

6. desember; 2. s i advent Joh 16, 21-24

- Oppstryn 11:00 Gudsteneste.
Ved Henny Koppen
- Grendahuset, Randabygd 12:00
Gudsteneste og kyrkjelydsbasar.
Ved Mari Saltkjel
- Omsorgsenteret, Hornindal 16:00
Gudsteneste. Ved Mari Saltkjel

13. desember; 3. s i advent Joh 5, 31-36

- Nedstryn 11:00 Gudsteneste
- Hornindal 11:00 Adventsguds-
teneste.

- Ved Mari Saltkjel

- Innvik 16:00 Konsert
- Utvik 18:00 Konsert
- Oppstryn 20:00 Julekonsert
- Hornindal Julekonsert

18. desember; fredag

- Nordsida Juleavslutning for skule
og barnehage

20. desember; 4. s i advent Matt 1, 18-25

- Ljosheim kapell 11:00 Førjulguds-
teneste. Ved Harald Runde
- Nordsida 15:00 Julekonsert
- Olden 16:00 Julekonsert
- Nedstryn 20:00 Julekonsert
- Hornindal Konsert

24. desember; Julaftan (torsdag) Luk 2, 1-20

- Randabygd 13:00 Julegudsteneste
- Loen 14:30 Julegudsteneste
- Olden 12:00 Julegudsteneste.
Ved lek gudstenesteleiar
- Utvik 14:30 Julegudsteneste.
Ved Harald Runde
- Nordsida 15:00 Julegudsteneste.
Ved lek gudstenesteleiar
- Innvik 16:00 Julegudsteneste.
Ved Harald Runde
- Nedstryn 16:15 Julegudsteneste

25. desember; Juledag Joh, 1-14

- Nedstryn 11:00 Høgtidsguds-
teneste
- Olden 12:00 Høgtidsgudsteneste.
Ved Harald Runde
- Hornindal 12:00 Høgtidsguds-
teneste

- Oppstryn 13:00 Høgtidsgudsteneste

26. desember; 2. juledag / Stefanusdagen – Joh 16, 1-4a

- Misjonsheimen, Innvik 11:00 Gudsteneste
- Nordsida 11:00 Gudsteneste

31. desember; Nyttårsafta

Matt 11, 25-30

- Hornindal 15:00 Gudsteneste

1. januar; nyårsdag Jesu namnedag – Matt 18, 19-20

- Nedstryn 12:00 Gudsteneste
- Utvik 12:00 Gudsteneste

3. januar; Kristi åpenberringsdag Joh 12, 42-47

- Oppstryn 11:00 Gudsteneste
- Innvik 11:00 Gudsteneste
- Hornindal 11:00 Gudsteneste

10. januar; 2. s i åpenberringstida Joh 1, 29-34

- Nedstryn 11:00 Gudsteneste
- Olden 11:00 Gudsteneste
- Nordsida 11:00 Gudsteneste

17. januar; 3. s i åpenberringstida Joh 1, 15-18

- Utvik 11:00 Gudsteneste

24. januar; Såmannssøndag Matt 13, 24-30

- Nedstryn 11:00 Gudsteneste
- Randabygd 11:00 Gudsteneste
- Loen 16:00 Gudsteneste
- Innvik 16:00 Gudsteneste

31. januar; Kristi forklåringsdag Luk 9, 28-36

- Oppstryn 11:00 Gudsteneste
- Olden 11:00 Gudsteneste
- Hornindal 11:00 Gudsteneste

7. februar; Fastelavnssøndag Luk 18, 31-34

- Nedstryn 11:00 Gudsteneste
- Utvik 11:00 Gudsteneste
- Nordsida 11:00 Gudsteneste
- Loen 18:00 Gudsteneste

14. februar; 1. s i fastetida Matt 26, 36-45

- Nedstryn 11:00 Gudsteneste
- Innvik 11:00 Gudsteneste

21. februar; 2. s i fastetida Luk 13, 22-30

- Randabygd 11:00 Gudsteneste

28. februar; 3. s i fastetida – Luk 22, 28-34

- Oppstryn 11:00 Gudsteneste
- Hornindal 11:00 Gudsteneste
- Olden 16:00 Gudsteneste
- Nedstryn 18:00 Gudsteneste

6. mars; 4. s i fastetida Joh 6, 24-36

- Loen 11:00 Gudsteneste
- Utvik 11:00 Gudsteneste
- Nordsida 11:00 Gudsteneste

13. mars; Maria bodskapsdag Luk 1, 39-45

- Innvik 11:00 Gudsteneste
- Randabygd 11:00 Gudsteneste

20. mars; Palmesøndag Joh 12, 1-13

- Nedstryn 11:00 Gudsteneste
- Utvik 11:00 Gudsteneste
- Ljosheim 20:00 Kveldsgudsteneste

24. mars; Skjærtorsdag Joh 13, 1-17

- Innvik 11:00 Gudsteneste
- Bøasetra, Stryn 12:00 Friluftsgudsteneste
- Bruasetra / Skisenteret, Hornindal 12:00 Friluftsgudsteneste
- Oppstryn 20:00 Kveldsgudsteneste
- Nordsida 20:00 Kveldsgudsteneste

25. mars; Langfredag Mark 14, 26- 15, 37

- Nedstryn 11:00 Gudsteneste
- Olden 20:00 Kveldsgudsteneste
- Hornindal 20:00 Kveldsgudsteneste

27. mars; Påskedag Joh 20, 1-10

- Nedstryn 10:00 Høgtidsgudsteneste
- Olden 11:00 Høgtidsgudsteneste
- Hornindal 11:00 Høgtidsgudsteneste
- Oppstryn 12:00 Høgtidsgudsteneste
- Randabygd 14:00 Høgtidsgudsteneste

28. mars; 2. påskedag Joh 20, 11-18

- Innvik 11:00 Gudsteneste
- Nordsida 11:00 Gudsteneste
- Loen 16:00 Gudsteneste



Avslutningsfest for organist Alojzy Wolczek 25. nov. kl. 19.00 på Innvik Fjordhotell

Sokneråda i Innvik Prestegjeld inviterer til avslutningsfest for Wolczek. Ymse program. Mat og kaffi. Pris kr 100,-.

Påmelding innan 23. november til Anna Marie S. Vatnamo, mobil 99 36 46 60, eller på e-post: skogli.vatnamo@gmail.com.

Alle velkomne!



B

Full distribusjon

Fest for gjenbruksgjengen

NMS-Gjenbruk Nordfjord på Eid har inngang frå Almenningen. Sidan opninga 12. juni i fjor har mange kome inn og sett ei stadig veksande og vekslande mengde med varer i det store lokalet. Gjennom døra på baksida har møblar og anna utstyr strøyma inn i eit romsleg lager. Heldigvis har også stadig fleire frivillige kome til for halde denne straumen gåande frå inngang til utgang. Både varene og tenestene er gratis. Det har ført til at det går ein jamn straum av pengar til misjonen. Den straumen kan bli endå større om endå fleire blir med i denne «vinn, vinn, vinn-kjeden»! Du finn alltid noko fint, verdfullt og nyttig. Og pengane du legg att i denne butikken, blir til meir gagn og glede enn du anar.

9. september blei vi som jobbar i og for NMS-Gjenbruk inviterte til fest med mat, inspirasjon og informasjon. Sjølv sagt blei det òg samtale om korleis vi kan gjere dette tilbodet endå betre. Og vi blei motiverte til å stå på vidare i denne tenesta som er så full av meining og gjev så mykje glede.

Ulike som vi er, finn vi nok av oppgåver som høver for kvar av oss. Og vi har rom for mange fleire på lista over



Litt av ein gjeng! Tone Rundshaug Tennebø, Inger Almenning, Solveig Aaberg, Anna-Elisabeth Kravik, Kåre Oksholen, Asbjørn Gjengedal, Jacob Aaberg, Jon Ytrehorn, Elin Ytrehorn, Dagny Aarrestad, Annlaug Hole Nygård, Asbjørg Fauske Lade, Anne-Grethe Restad, Marit Myklebust, Aslaug Liabø Balsnes, Inga Reksnes, Edith Hagen Lade, Jorunn Sollid, Kari Rygg Fjorstad, Inger Johanne Sande, Gerd Bakke, Elise Berglund, Karin Nordvik.

medarbeidarar. Men endå meir treng vi fleire frå heile Nordfjord som kjem, ser og kjøper – og reiser heim og seier: «Sjå

kva eg fann på gjenbruksbutikken! Løp og kjøp du òg!» Kom igjen i gjenbruk!
Asbjørn Gjengedal

KAFFEKROKEN



Nr 1 – 2016 kjem i posten rundt 10. mars. Redaktør er Anna Marie Skogli Vatnamo. Stoff kan sendast på e-post til post@kyrkjeklokka.no innan 12. februar.